

Orientering frå Innvik Fjordhotell Misjonsheimen 2019

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen driv hotell med turistaktiviteten på sommaren som det berande økonomiske fundamentet. Selskap og catering utgjer ein god del av omsetninga. Hotellet skal også være eit misjonscenter og forsamlingshus for Normisjon og andre lag og organisasjonar. Misjonsaktivitet er ein naturleg del av drifta. Fokus er fortsatt på auke av aktiviteten i lågsesongen, og det er difor oppnemnt ei strategigruppe som skal kome med forslag til løysing på denne utfordringa.

I styret har desse vore: Per Arne Tøsse (leiar), Ottar Åbrekk (nestleiar), Solveig Aaberg, Steinar Kvamme og Elisabeth Tisthamar. Varamedlemar har vore: Margun Skiftesvik, Else Marit Nesdal Paulen og Tore Bøe.

Selskapet hadde 7 fast tilsette, i totalt 5,45 stillingar. 2 av dei fast tilsette har vore langtidssjukmelde i varierende grad, det meste av året. Det var tilsett 12 sesongarbeidarar i hovudsesongen mai/juni-august/september. Hotellet har også dette året hatt litt dugnadshjelp.

Talet på gjestedøgn har hatt ein fin auka, trass i at vi har hatt få arbeidsfolk buande over lang tid, 8077 (7073 året før). Misjonsheimen fekk kr 162.184,- i gåver dette året (192.732,- året før). 100.000 av dette er gåve frå støtteforeininga. Årsresultatet er eit overskot på kr 314.785,- (underskot på kr 349.433,- året før).

Det har ikkje vore føreteke større vedlikehald dette året, men det har vore investert i ein del nytt inventar og utstyr.

I 2019 var det følgjande arrangement i eigen/Normisjon sin regi: mannshelg, påskefeiring, basar, "Vi over 60" og OASE-helg. Julefeiringa vart avlyst på grunn av for få påmelde. I tillegg har ein del andre kristne organisasjonar hatt helgearrangement på hotellet.

Innvik fjordhotell Misjonsheimen er sertifisert som Miljøfyrtårn. Heile drifta skal vere prega av tankegangen om å vere miljøbevisste. Dette viser både i sortering av søppel, gjenbruk der det er muleg, innkjøp og forbruk. Sertifiseringa vart delfinansiert med tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Vi er takksame fordi vi er rikt velsigninga. Misjonsheimen er også i framtida avhengige av gode støttespelarar, - både gjevarar, dugnadshjelp og ikkje minst i forbøn.

Vi takkar alle våre støttespelarar, og ønskjer Guds velsigning over det vidare arbeidet på Misjonsheimen.

Innvik, 12.02.20

Anna Marie S. Vatnamo
- dagleg leiar